

---

Saknr: 2020/68-5  
Saksbehandler Solveig Lohne Rongved  
Dato: 10.01.2020

---

## Rapport om skjøtsel, tilrettelegging og formidling av arkeologiske kulturminne i Vestland innanfor Bevaringsprogram for utvalgte arkeologiske kulturminne (BARK) og Bevaringsprogram for bergkunst (BERG) 2019

Riksantikvaren har to bevaringsprogram knytt til tilrettelegging, formidling og skjøtsel av arkeologiske kulturminne; Bevaringsprogram for utvalgte arkeologiske kulturminne (BARK) og Bevaringsprogram for Bergkunst (BERG). Ved søknad til Riksantikvaren for tilskot gjennom BARK eller BERG vil kommunale og fylkeskommunale midlar løyse ut tilsvarende sum i statlege midlar. I sak PS 95/2015 vedtok Fylkestinget i tidlegare Hordaland å setje av kr 200.000,- årleg til arbeidet med BARK. Bevaringsprogramma er del av ei tiårig nasjonal satsing på kulturminne i regi av Riksantikvaren med midlar fra Statsbudsjettet kapittel 1429 post 70. 2020 er siste år for programma.

### BARK

Tidlegare Sogn og Fjordane og tidlegare Hordaland fylkeskommune har kvart år lyst ut tilskotsordninga, og kommunar og lag/organisasjonar har høve til å søkja. I tidlegare Hordaland har søkerne vorte handsama politisk i Utval for Kultur, idrett og regional utvikling (KIRU), som avgjer kva søkerne som skal sendast vidare til Riksantikvaren og med kva prioritering. I tidlegare Sogn og Fjordane har handsaming av søkerne skjedd administrativt. Det er krav om årleg rapportering av framdrift og bruk av midlar. Kommunar og lag/organisasjonar som er tildelt tilskot rapporterer til fylkeskommunen, som samanfattar ein rapport til Riksantikvaren for alt gjennomført arbeid knytt til tilskotsordninga. Rapporten for gjennomført arbeid 2019 i tidlegare Sogn og Fjordane og tidlegare Hordaland ligg vedlagt. Vedlagt ligg òg ei oversikt over aktive prosjekt i Vestland ved inngangen til 2020.

### BERG

Bergkunstlokalitetar er òg å rekna som arkeologiske kulturminne, men då slike kulturminne ofte har særskilte behov er det oppretta eit eige bevaringsprogram; Bevaringsprogram for Bergkunst (BERG). Bergkunst er sårbar og det må visast særlege omsyn under skjøtsel. Det er òg eit større behov for overvaking av slike kulturminne. Sjølv om lokal forankring og samarbeid med kommune, lokale lag og grunneigar er avgjerande òg i desse sakene, må kulturminneforvaltninga ha ei sterkare rolle for å sikra tryggleiken til kulturminna. I slike saker vil det òg alltid vera eit tett samarbeid med universitetsmuseet i Bergen. BERG-ordninga har difor ikkje vore lyst ut på same måte som BARK i tidlegare Hordaland.

Berg-ordninga har heller ikkje blitt lyst ut i tidlegare Sogn og Fjordane. I 2019 vart det drive skjøtsel av vegetasjon på dei tre store helleristningsfelta Vingen, Ausevik og Staveneset. Skjøtselen blei i hovudsak gjennomført i samarbeid med kommunen, frivillige, fylkesmann, Universitetsmuseet og fylkeskommunen, og det blei ikkje nytta tilskotsmidlar i arbeidet.

Det er krav om årleg rapportering for tilskotet tilsvarende som i prosjekt gjennom BARK ordninga. Rapporten for gjennomført arbeid i BERG programmet 2019 i tidlegare Sogn og Fjordane og tidlegare Hordaland ligg vedlagt.

Vedlegg

- 1 Rapport om skjøtsel av Bergkunst 2019
- 2 Rapport om skjøtsel gjennom BARK 2019
- 3 Rapport Henjahaugane
- 4 Oversikt over aktive prosjekt i Vestland 2020